

Oppmodar far til å lesa for borna



Bibliotekar Silje Vågen Torbjørnsen er lærarutdanna og brenn for leseglede blant dei yngste.

Bibliotekar Silje Vågen Torbjørnsen saknar fleire mannlege leseførebilete.

ANDREA RYGG NØTTVEIT

— Det er viktig at foreldra tek sin del av ansvaret for lesinga, særleg far, som har stor påverkningskraft, spesielt på gutane, meiner Silje Vågen Torbjørnsen Våge ved Fitjar folkebibliotek.

Mor på biblioteket

Som bibliotekar ser ho at det er ei overvekt av mødrer som tek ansvar for å ta borna med på biblioteket. At ungene kjem seg på biblioteket er sjølvsagt flott, men Torbjørnsen skulle ynskja fleire fedrar kom.

Torbjørnsen meiner dette kan ha samanheng med at mor gjerne tek seg av lesing og andre skulerelaterte aktivitetar,

medan far tek større del i andre fritidsaktivitetar.

— Eg veit ikkje om det er eit mønster, men dei snakkar jo om at gutane er taparane i skulen, peikar den lærarutdanna bibliotekaren på.

Ho oppmodar difor mødrane til å trekkje seg litt tilbake, og gje rom for far i leseopplevinga.

I ein engelsk studie frå 2009 svara britiske 15-åringar at personar i familien var den viktigaste leseinspirasjonen. Deretter følgde vener og lærarar.

Ei anna studie synta at engelske fedrar les stadig mindre for borna sine, fordi dei

ikkje hadde tid og overskot.

— Me er førebilete for ungene våre, men me manglar desse mannlege førebileta, seier bibliotekaren uroa, og legg til med eit smil: — Så ideelt sett skulle eg ynskja at eg var ein mann som stod her og sa dette.

Gutelesnad

Norske jenter gjer det betydeleg betre enn gutar i lesing, noko som ikkje har endra seg særleg sidan den første PISA-undersøkinga.

Ifølgje desse studiane les halvparten av norske gutar på 15 år frivillig kvar dag, medan kring 70 prosent av jentene gjer det same. Desse tala uroar mange.

Bibliotekaren peiker på at gutar les, men at dei kanskje les andre ting enn jentene. Det er til dømes mykje tekst i data-spel. Ho meiner likevel at romanen og opplevinga ein får der, er ein verdi i seg sjølv.

Den skal tidleg lesast for...

Bibliotekaren peiker òg på at ungar får gode opplevingar med bøker tidleg, vert lesande vaksne.

Forskning underbyggjer dette, og syner i tillegg at høgtlesing styrkar utviklinga av både talespråk og lese- og skriveferdigheter.

Det syner seg òg at foreldre med lågare sosioøkonomisk status bruker mindre tid på bøker — både sjølv og saman med borna.

— Det er nokre forskjellar der som ikkje har utjamna seg, men gode lesekunnskapar er stadig viktigare, fordi alt går føre seg på tekst, understrekar Torbjørnsen.

Tidleg leseglede



— Me går ikkje aktivt inn for å læra ungene å lesa, men når dei vert interessert i bøker, bokstavar og ord får det ringverknadar, seier Mona-Kristin Tufteland i Fitjarstølane barnehage — i ein av kommunane landet der born låner flest bøker på biblioteket.



for deg som jobbar med barn

www.pirion.no

Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

facebook/pirion @avisapirion

PiRion

Tips oss på pirion@pirion.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no



Bibliotekar Silje Vågen Torbjørnsen er lærarutdanna og brenn for leseglede blant dei yngste.

Frå barnehagen til biblioteket

Born i Fitjar kommune låner 23 bøker i året. Bibliotekaren er samd med pedagogisk leiar i Fitjarstølane barnehage om at det er viktig å bli kjent med biblioteket tidleg.

ANDREA RYGG NØTTVEIT

— Eg kan lesa litt, forklarar Eldrid (6), som er på bibliotekvitjing med førskulegruppa i Fitjarstølane barnehage.

I tillegg til å vitja biblioteket ein gong i månaden med barnehagen, er ho jamleg innom på fritida.

— Me går ikkje aktivt inn for å læra ungene å lesa, men når dei vert interessert i bøker, bokstavar og ord får det ringverknadar. Lesetreninga skjer på ungene sine premiss, me berre legg ut små agn som dei bit på, forklarar Mona-Kristin Tufteland, pedagogisk leiar i barnehagen.

Fabelaktige Fitjar

I 2014 lånte Fitjar Folkebibliotek ut 23,4 barnebøker per innbyggjar under 13 år. Året før toppa biblioteket statistikken i Hordaland med eit lånesnitt på 25,1 bøker blant dei yngste. Til samanlikning hadde lånte biblioteket i nabokommunen Stord ut 4,2 til kvar person under 13 år.

Bibliotekar Silje Vågen Torbjørnsen har sjølv lurt på kvar leseentusiasmen i bygda kjem frå.

— Det er ikkje så mykje me gjer forskjellig frå andre bibliotek, men det er noko me gjer rett, seier Torbjørnsen og peikar mellom anna på eit budsjett som gjev rom for

å kjøpe inn dei nye bøkene som ungene vil ha.

Eit godt samarbeid med skulen er viktig — elevane får ta leseknappen og fleire klassar har kassar med tilrettelagde bøker ståande framme. Men leseinnsatsen startar allereie før ungene er skuleklare. Bibliotekaren, som sjølv har lærarutdanning, trur nettopp tidleg innsats er ein del av nøkkelen.

Dei som les mykje når dei er små, er gjerne dei som held fram å lesa — og som tek høgare utdanning. Bibliotekaren har difor vore på foreldremøte både i barnehagen og skulen for å minne foreldra på kor viktig både høgtlesing og eigen lesing er.

Eldrid (6) og dei andre i førskulegruppa gler seg til å læra å lesa.



Populære Pippi

Når Fitjarstølane barnehage er på biblioteket får ungene sjølv velje kva dei skal ta med seg tilbake til barnehagen.

Bøker kjent frå tv-seriar er særleg populære. Ungane finn fram Albert Åberg, Pippi og Karsten og Petra. Det går i ein fei og snart er boksekken full.

Pedagogisk leiar meiner det er viktig at ungene får sjå mangfaldet og lærer at dei ikkje nødvendigvis treng å kjøpe bøkene.

For barnehagen er bibliotekbesøka ein del av ei medvitne satsing på språk og kommunikasjon.

— Me har ei lita lesestund kvar dag og tykkjer det er kjekt med noko nytt, sjølv om både barn og vaksne set pris på litt repetisjon, smilar Tufteland, som set pris på gode litteraturtips frå bibliotekaren.

Litteraturen vert ofte knytt opp til tema i rammeplanen, som geometriske former, natur, høgtider eller lokalhistorie om vikingar.

Sjølv om kommunen har nynorsk hovudmål medgjev pedagogien at dei ikkje alltid er medvitne nok på målforma. No

har bibliotekaren gjort det lettare med å merke nynorskbøkene med «I <3 NY».

— Det er viktig å løfta fram nynorskbøkene, men ein skal ikkje gå glipp av dei gode lesaropplevingane på bokmål, understrekar Torbjørnsen.

Snedig språksprell

— Bøker og litteratur utvidar ordforrådet deira, fordi ein bruker andre ord enn når me snakkar. Mange tenkjer gjerne at lesing er noko som høyrer skulen til, men eg tykkjer eigentleg det er litt seint å byrje med det då, seier Tufteland.

Barnehagen jobbar med ein språkpakke kalla Språksprell, der ein leikar med ord gjennom mellom anna stavingsdeling og rim.

Denne leiken får dei tilbake melding på at kjem godt med når ungene seinare byrjar på skulen. Pakken er berre tilgjengeleg på bokmål, noko Tufteland tykkjer er særleg utfordrande når dei jobbar med rimord.

Sosialt snakk

I høgtlesinga vert tekstane stort sett omsett til dialekt av den vaksne som les.

Lesing i små tilpassa grupper bidreg til nærleik mellom barn og vaksne. Lesestunda og dialogen rundt kan òg nyttast i det sosiale arbeidet om det oppstår konflikter i barnegruppa. Dei får trening i empati og fantasi.

Barnehagen nyttar seg òg av Snakkepakken — eit pedagogisk språkverktøy som kjem godt med for å konkretisera når ungene skal læra ord og omgrep. Pakken er utvikla spesielt med tanke på born med eit anna morsmål og inneheld mellom anna dokker, dyrefigurar, frukt og fargerike bilar, ulike stoff og former.

Hugs humor!

Barnehagen byrjar med enkle forteljingar for dei minste borna — gjerne med visualisering — og tek det gradvis vidare til dei eldste borna kan høyra historier kapittelvis utan bilete. Slik får dei trenast hukommelsen og forståinga. Både læring og oppleving er viktig.

— Me les ikkje berre for å lesa. Bøker kan brukast til så mykje. Det sosiale og det språklege heng saman, men me må passa på at me får inn humoren, slik at ikkje bøker berre vert ein alvorleg ting, meiner Tufteland.



Anna R. Folkestad
Tanntrøbbel
Samlaget 2015

SJARMERANDE TANNPINE

Lettlestboka
Tanntrøbbel av Anna Folkestad gjer det gøy å lesa.

Besta har så vondt i ei tann! Men tanna vil ikkje ut, og Besta vil ikkje til tannlegen. Korleis kan Bo hjelpa Besta ut av tannknipa? Tanntrøbbel er blant dei første bøkene i lettlestserien Leseland. Bøkene er tilpassa for born som lærer å lesa. Tanntrøbbel er på det første lesenivået, og har korte og enkle setningar og berre tre til ti ord på kvar side. Teksten er direkte kopla til bilda. Det hjelper borna å lesa både tekst og bilde samstundes. Anna Folkestad er kjent for bøkene om Unni og Gunni og Henrik And. No kjem forfattaren frå Stord med ein god vri på historia om å ha tannpine. Med sjarmende illustrasjonar blir det gøy å lesa.

Meldt av:
Svein Olav Langåker